



Alver kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/17532 - 20/68160

Saksbehandlar:

Trond Engelsen

trond.engelsen@alver.kommune.no

Dato:

13.11.2020

## **Gbnr 107/7 Kolås - Søknad om dispensasjon og omdisponering av jordbruksareal - utviding av parkeringsplass**

Alver kommune ynskjer å utvida eksisterande parkeringsplass for turgåarar i det populære turområdet kring Kolåsfjellet. I samband med at det vert sett opp dagsturhytte i dette området, er det behov for å auka talet på parkeringsplassar knytt til dette turområdet. Pr i dag er det plass til om lag ti bilar på parkeringsplassen, men dette er allereie no for få plassar på populære dagar. Vår plan er å utvida eksisterande parkeringsplass slik at det vert plass til om lag 25 bilar. Totalt areal for ny parkeringsplass er i underkant av 0,8 mål, av dette er i underkant av 0,4 mål fulldyrka jord og 0,4 mål eksisterande parkeringsplass.

Som vedlagt situasjonsplan viser, er det aktuelle området avgrensa av privat veg i vest, av ein kommunal veg i sør og ein gamal steingard i grensa til naboeigedomen i aust, og det ligg i tillegg tett på bustadfelt. Det aktuelle området si trekanta form og avgrensa storleik gjer at arealet er vanskeleg å bruka til jordbruksføremål, og det har dei siste åra vore slått med plenklippar og stelt av dugnadsgjengen for turstiane for at det ikkje skal gro att. Utvidinga av parkeringsplassen vil difor ikkje redusera aktivt landbruksareal. For å auka talet på parkeringsplassar meiner me at det er føremålstenleg å utvida eksisterande parkeringsplass, framfor å ha fleire parkeringsplassar i området.

Utvidinga av denne parkeringsplassen vil gjera at det vert langt betre tilkomst til etablerte turvegar og turstiar i turområdet på Kolåsfjellet. Området er nærturområde for heile Lindåsbygda med skular og barnehagar, men kvaliteten på stiane og den omfattande tilrettelegginga gjer at området er attraktivt også for tilreisande. Den planlagde dagsturhytta vil truleg forsterka dette. Utviding av eksisterande parkeringsplass vil bidra til at området vert tilgjengeleg for fleire og dette er positivt i eit folkehelseperspektiv. Me meiner såleis at fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

På bakgrunn av dette søkjer me om dispensasjon til utviding av parkeringsplass innanfor omsynssone H510\_ol1 landbruk i kommuneplan for Lindås kommune på gbnr 107/7. Me søkjer samstundes om omdisponering av dette jordbruksarealet til offentleg parkering.

Med helsing  
Alver kommune, Bygg, areal og grønt

Trond Engelsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kolås\_m1000

Kolås\_m500

Kvittering for nabovarsel1

Kvittering for nabovarsel 2

Kvittering for nabovarsel 3

Kvittering for nabovarsel 4

Opplysningar gjeve i nabovarsel  
naboliste parkering

**Mottakarar:**

Alver kommune